



FYLKESMANNEN  
I ROGALAND

Dykkar ref.: «REF»

Vår dato: 12.06.2018  
Vår ref.: 2016/11864  
Arkivnr.: 432.1

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»  
  
«KONTAKT»

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00  
F: 51 52 03 00  
E: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no)

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Høyring av forslag til frivillig skogvern - Hesten, kommunane Forsand og Strand

Grunneigarar i området Hesten i kommunane Forsand og Strand, Rogaland, har gjort avtale med staten om frivillig vern av skog. Dette er ei utviding av tidlegare Gitlandsåsen naturreservat med eit byte av namn til Hesten naturreservat. Fylkesmannen i Rogaland sender forslag til vernegrense og verneforskrift for Hesten naturreservat på samordna lokal og sentral høyring. Dette er i samsvar med nasjonale retningslinjer for verneprosessar etter naturmangfaldlova. Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 12. august 2018.

### Bakgrunn

Ved Stortingsmelding nr. 25 (2002-2003) slutta Stortinget seg til Regjeringa si innstilling om ei kraftig opptrapping av skogvernet i Noreg. St.meld. nr. 25 trekte opp viktige prinsipp og satsingsområde for opptrappinga av vernet. Dette er vidareført og styrka i St. meld. Nr 14 (2015-16).

I meldingane vert frivillig vern nemnt som hovudstrategi for det framtidige skogvernet i Noreg. Frivillig vern inneber at skogeigarane sjølv tilbyr staten vern av eige skogkledd areal. Formålet med ordninga er å verne om eit representativt utval skog for framtida i Noreg, både vanleg og sjeldan/truga skog.

Fylkesmannen i Rogaland, i tråd med tilbod frå grunneigarane i Hesten, sender med dette ut forslag om å opprette Hesten naturreservat som omfattar tidlegare Gitlandsåsen naturreservat og dei nye områda for frivillig skogvern.

Opprettinga av vern gjennom naturreservat er heimla i naturmangfaldlova § 34, jfr. § 37 og § 62. Føremålet med denne høyringa er å innhente synspunkt og kommentarar til det verneforslaget med tilhøyrande verneforskrift. Miljødirektoratet har gjeve Fylkesmannen i oppdrag å utarbeide forslag til vern og føresegner. Direktoratet har også gjort ein fagleg gjennomgang før høyring.

## Sakshandsaming

I brev av 03. oktober 2016 sende Vestskog, på vegne av grunneigarane på gnr/bnr 1/1 i Forsand kommune og 60/1 & 2 63/16 og 57/2 i Strand kommune tilbod om frivillig vern til Fylkesmannen som vidareformidla dette til Miljødirektoratet.

Basert på kartleggingar av areala i 2009, 2011 og 2014 vart naturverdiane samanfatta av Miljøfaglig Utredning AS saman med Biofokus og Rådgivende Biologer i 2015. Det vart påvist mange naturtypar med svært høg verdi i dette området.

I samråd med Vestskog og Miljødirektoratet om grunnlaget for verneprosessen sende Fylkesmannen ut melding om oppstart av frivillig vern av skog 23. mars 2018. Fylkesmannen har motteke innspel på meldinga om oppstart, og desse er samanfatta i vedlagt notat.

Verneforslaget omfattar nye areal på gnr./bnr. 1/1 i Forsand, og 60/1, 60/2, 63/16 og 57/2 i Strand kommune. Saman med tidlegare Gitlandsåsen naturreservat vil forslaget til Hesten naturreservat omfatte areal på følgjande eigedomar, Forsand kommune: 1/1, 3/1, 4/1, 4/2, 4/3, 4/4, 4/5, 5/1, 5/2, 5/3, 6/1, 6/2, 6/3, 6/4, 7/1, 7/2, 7/3, 7/4, 7/5, 7/6, og Strand kommune: 57/1, 57/2, 57/3, 57/5, 57/6, 59/1, 59/2, 60/1, 60/2 og 63/16.

Fylkesmannen vil samanfatta den samordna høyringa, og sende si tilråding til Miljødirektoratet. Klima- og miljødepartementet vil så venteleg gje sitt forslag til kongeleg resolusjon i statsråd.

## Naturverdiar

Forslaget til Hesten naturreservat er ei utviding av det tidlegare Gitlandsåsen naturreservat. Det er to område som strekkjer seg nordover, eit i aust og eit i vest. Det vestre området (1648 daa) strekkjer seg frå Longafjellet nord til Tjødnaråsen vest for Husafjell og ned til Erlandsvatnet vest om Bjørkåsen og ned mot Gåsavatnet. Området i aust (518 daa) følgjer lia mot Botnevatnet om lag frå nordenden av tunnelen på Ryfylkevegen R13. Grensa følgjer R13 om lag ein km nordover der grensa går opp i lia og vidare nordover vest for Botne, der grensa går sørvestover mot Storaafjellet aust for Hestatjørnene og sør til tidlegare grense for Gitlandsåsen. Hesten naturreservat dekkjer eit areal på om lag 9294 daa, og der nytt areal for frivillig skogvern er 2166 daa.

Hesten naturreservat omfattar dei store naturverdiane som ligg i tidlegare Gitlandsåsen naturreservat. Saman med desse verdiane blir Hesten naturreservat eit stort, heilskapleg verneområde med mykje variert og lite rørt furuskog. Delar av området er høgproduktiv låglandskog med til dels urskogpreg dominert av mykje gamal kystfurusog. Men der er og innslag einskilde rikare felt, med treslag som hassel, eik, ask, og svartor på fuktige stader. Dei nye områda utgjer eit vestleg skogsområde dominert av eldre kystfurusog med høge nedbørmengder og viktige kvalitetar knytt til temperert regnskog. Skogsmarka er dominert av furu og bjørk med blåbær og røsslyng. Langs bekker og søkk kjem svartor inn, og i dei rikare delane finst innslag av småbregne- og lågurtmark med mellom anna ramslauk og murburkne. Av treslag kan rogn, hassel, eik og osp nemnast. I fuktig li og nordvendte skrentar fin me ei høgare luftmeting som gir høve til fleire karakterartar for dei tempererte regnskogane, til dømes pigghinnemose (VU), klovemose (DD), grynfilklav (VU), *Thelopsis cf. rubella* (VU), gul pærelav (NT), kystkorall-lav (NT), småhinnemose, purpurmose, kystperlemose, dvergperlemose, pelssåtemose, gullhårmose, krusfellmose, hinnebregne, vinflekklav. Det er eit rikt fugleliv med storfugl, hønsehauk og gråspett.

## Andre tilhøve

Namneendringa frå Gitlandsåsen naturreservat til Hesten naturreservat var eit ynskje frå grunneigarar med tilbod om frivillig skogvern. Hesten er det høgaste punktet i naturreservatet og vil kunne samle heile arealet. Namneforslaget Hesten naturreservat vart godkjend til bruk av språkrådet.

Området i nordvest omfattar ein sti, ein traktorveg og ei hytte nemnd i forslag til forskrift.

## Praktisk om høyringa

Vedlagt følgjer forslag til vernegrense på kart og forslag til verneforskrift for naturreservat.

Frist for å uttala seg til høyringa vert sett til 12. august 2018. Eventuelle fråsegner skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga, pb. 59, 4001 Stavanger. E-post kan også nyttast: [fmropost@fylkesmannen.no](mailto:fmropost@fylkesmannen.no).

Med helsing

May Britt Jensen  
Fylkesmiljøvern sjef

Einar Heegaard  
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksbehandlar: Einar Heegaard  
Saksbehandlar telefon: 51568872  
E-post: [fmroehe@fylkesmannen.no](mailto:fmroehe@fylkesmannen.no)

### Adresseliste:

Arild Idsø	Idsevegen 358 A	4102	Idse
Avinor AS	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Jorunn Vistnes Heggland	Kolabygdvegen 410	4110	Forsand
Kommunenens sentralforbund	Fylkeshuset, Julsundveien 9	6412	MOLDE
Leif Magne Idsø	Småhaugvegen 110	4362	Vigrestad
NATURVERNFORBUNDET I ROGALAND	Postboks 441	4002	STAVANGER
Norges Jeger og Fiskerforbund Rogaland	Postboks 313	4291	Kopervik
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboegate 8	0183	OSLO
ROGALAND BONDE & SMÅBRUKARLAG	Kyllesveien 59	4308	SANDNES
Stadnamntenesta på Vestlandet			
Statens vegvesen, Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS
STIFTELSE WWF VERDENS NATURFOND	Postboks 6784 St Olavs Plass	0130	OSLO
Trond Kjetil Øvstebø	Kvalvågvegen 666	4100	JØRPELAND
Vestskog SA	Skulegata 11A	5700	VOSS
Eilin Kristine Erevik	Erevikvegen 17	4110	Forsand
Landbruksdirektoratet	Postboks 8140 dep.	0033	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
Norsk Ornitologisk forening avdeling Rogaland	Skogsbakken 9	4319	SANDNES
Oddvar Meling	Gydassveien 50	4311	Hommersåk
SABIMA	Postboks 6784 St. Olavs plass	0130	OSLO
Torhild Skeivik	Kjerrberg Terrasse 7	4051	Sola

Vidar Berge	Stemvegen 102	4110	FORSAND
A/S Skog	Pedersgata 32C	4013	STAVANGER
Alise Skadberg Meling	Gydas Vei 50	4311	Hommersåk
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
Gunnar Erevik	Erevikvegen 3	4110	Forsand
Norges geologiske undersøkelser (NGU)	pb. 6315 Torgard	7491	TRONDHEIM
Norges jeger og fiskerforbund	pb. 94	1378	NESBRU
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORSK INDUSTRI	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Tore Botne	Nådlandsberget 35	4034	STAVANGER
Forsvarsbygg	pb. 405 sentrum	0103	OSLO
Kartverket	pb. 600 sentrum	3507	HØNEFOSS
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
NINA - Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685 Torgard	7485	Trondheim
Norsk friluftsliv			
NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Sandgata 30B	7012	TRONDHEIM
Olav Lerang	Kolabygdvegen 445	4110	Forsand
Rogaland Bondelag	Postboks 278	4002	Stavanger
UNIVERSITETET I STAVANGER	Postboks 8600 Forus	4036	STAVANGER
Egil Byberg	Postvegen 21	4110	Forsand
Olav Hølleslid	Havn	4110	Forsand
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130	4001	Stavanger
Severin Myrbakken	Opphusveien 99	2450	
Svein Kjetil Rønnevik	Kvalvågvegen 297	4100	Jørpeland
Torbjørn Vik	Sandsteinvegen 11	4100	JØRPELAND
Trond Meling	Kolabygdvegen 514	4110	Forsand
NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
NVE Norges vassdrags- og energidirektorat	Postboks 5091 Majorstuen	0301	Oslo
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Åshild Rønnevik	Kvalvågvegen 297	4100	Jørpeland
ALLSKOG SA	Ingvald Ystgaards veg 13A	7047	TRONDHEIM
Anne Marit Lie Gjerde	Heggheimsvegen 176	4120	Tau
Fridtjov Thorsen Norland	Kolabygdvegen 572	4110	Forsand
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep.	0032	Oslo
NIBIO, Norsk institutt for bioøkonomi	pb. 115	1431	ÅS
Norges Bondelag	pb. 9354 Grønland	0135	OSLO
NORGES TEKNISK-NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
Riksantikvaren	pb.8196 dep.	0034	Oslo
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Aadne Meling	Kolabygdvegen 503	4110	Forsand
Bjørn Magne Svines	Kvalvågvegen 431	4100	Jørpeland
Forsand kommune	Fossanvegen 380	4110	Forsand
Jan Olav Skeivik	Kolabygdvegen 378	4110	Forsand
Jan Sverre Lie	Håbakkvegen 35	4120	Tau
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
Norsk Botanisk Forening avd. Rogaland			
Stadnamntenesta på Vestlandet, Språkrådet			
Strand kommune	Postboks 115	4126	Jørpeland